

# KYRKJEBLAD FOR ÅL



TANKAR FRÅ ORGANISTKRAKKEN / SOM EN BLYANT / LIV OG RØRE OG LAPPAR  
TAKK AUDUN! / TUR MED TRU / SPEIDARGRUPPA VEKS / DROP-IN-GLEDE

NR. 3 | 2023 | 64. ÅRGANG



Foto: Birger Bolstød

MISJONSUTSTILLING: Misjonsvener framom orgelet som misjonæren Guri Odden (1890 – 1988), Torpo, hadde med seg på misjonsmarken til Kina og Japan i 50 år! Frå venstre Berit Kilde, leiar i Ål Normisjon, Svein-Tony Gårdsø, regionleiar Normisjon VEBU, Astrid Ruud, no pensjonist, men tidlegare utsending og lærar til Nepal, Butan og Kina i 30 år, og Gunn Elen Hansen, leiar i Misjonsrådet for Leveld, Torpo og Ål sokn. **Sjå side 5.**

*Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»*

# Tanker fra organistkrakken

I til sammen 32 år har jeg arbeidet som organist i Ål. Gudstjenester, begravelser, vielser, kor, konserter, møter, administrasjon m.m. har gjort jobben variert og til tider utfordrende. Slik jeg ser det, har min aller viktigste oppgave vært å inspirere til sang. Glimtvis synes jeg å ha lykket. Andre ganger har jeg vært i tvil. Min opplevelse av en gudstjeneste er sterkt farget av om det er sang og deltakelse. Å spille 7 salmevers uten sang er som å sitte alene med en naken rakafisk uten tilbehør!

## Nedre-Ål skules kor – et høydepunkt

Vi trenger arenaer der vi synger sammen. Noen synger i kor, andre på badet. Noen slekter synger hjemme, de fleste gjør det ikke. Noen synger på fotballkamp, mens andre brøler i lystig lag til stor glede for omgivelsene. Arbeiderbevegelsen er kjent for sang. I kirker, bedehus og ulike menigheter har sangen en sentral plass. Skolen har lange og gode sangtradisjoner. Selv minnes jeg med glede at vi i sangtimene på barneskolen sang tradisjonelle sanger fra Mads Bergs sangbok.

Organistens adventstid kan oppleves i overkant aktiv, og jeg har reist til skolegudstjenester med slik passelig motivasjon. Når barnesangen fosser mot galleriet, faller skuldrene på plass, og det sitter en glad og rørt organist på krakken.

17. mai i år sang et kor fra Nedre-Ål skule «Det går et festtog gjennom landet». For meg var det et absolutt høydepunkt!

## I KYRKJEPORTEN



Av Audun Flaen, pensionert kantor

## Delta i sangen!

Historisk er det tradisjon for pugging av salmer og katekisme. Det kunne nok være mer til plage enn til sangglede. Nå opplever jeg at stadig færre kan de tradisjonelle kjernesalmene. I en individualistisk tid med flytende normer er det behov for faste punkt. Salmer og liturgi

står som motvekt til flyktige trender og strømninger, uavhengig av hva som ellers sies og forkynnes.

Svigerfar ble dement og mistet språket mot slutten av livet. Men han sang med på salmer, vers på vers. Sang får ord til å feste seg. Toner og musikk gir ekstra dimensjon til teksten.

Jeg oppfordrer alle til å delta i sangen. Bruk stemmen du har. Ikke av hensyn til en avdanket organist, men for felleskapets og din egen del!

Se også side 4.



Audun Flaen ved orgelet under avskjeds-gudstjenesta i Ål kyrkje.



Lystenning på grava og i kyrkja kan gje trøyst, håp og ro for etterlatne. Foto: Jarle Hvidsten

## Allehelgensdag – ein minnedag for dei døde

Allehelgensdag 5. november, også kalla helgemessesundag, er ein viktig dag i heile Den norske kyrkje: Me minnest våre døde. Me samlast i sorga og saknet, for å takka for livet som har vore, for lystenning, for håpet. I alle tre kyrkjene våre, Leveld, Torpo og Ål, er det minnegudstjenester denne dagen.

Sokneprest Geir Wiknes viser til dei lange tradisjonane som allehelgensdagen har:

- Dei fyrste kristne feira dødsdagen til martyrane som mista livet etter forfølgning for si gudstru. Martyrar og helgenar har vore med på å bygge kyrkja til det den er i dag. Men etter reformasjonen vart det slutt på å be til og feira alle helgenane gjennom året. Dei var i staden førebilete for tru og liv. At me i dag har helgemesse første søndag i november, kom i 1770 og har utvikla seg til ein felles minnedag for dei me hadde kjær som ikkje lenger lever, seier han.

Kvart år minnest kyrkjelydane alle som det er halde gravferd for sidan sist helgemesse. Namna blir lesne opp og det blir tent lys, samstundes som fokuset også er retta mot håpet og takksemnda for det gode me fekk.

Me takkar Gud for livet og fellesskapet, og me ber om hjelp i sorga og saknet etter våre kjære.

Velkommen til kyrkja!

## KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Birger Bolstad (redaktør) • Liv Margit Sørbøen | Dei usignerte artiklane har redaktøren skrive  
BANKGIRO 2320.20.70272 | VIPPS 627063 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd  
GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

## KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkje.no  
PROST Sveinung Hansen | SOKNEPREST Geir Wiknes | PROSTIPREST Ingrid Finsådal Bakke (permisjon) • Ole-Jonny Kleveland Lomme (vikar)  
KYRKJEVERJE Trond Berthelsen Augunset (til 1. oktober) | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito  
DIAKON Hilde Kirkebøen • Målfrid Bergaplass (vikar) | KYRKJELYDSPEDAGOG Elisabeth Husøy | REINHOLDAR Anna Flis  
KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Morten Storhaug Tom Vidar Myrestølen | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

# Som en blyant

Omtrent nå begynner konfirmantåret for fullt. På alle konfirmantleirer jeg har vært, har jeg hatt den samme andakten hver gang. Derfor tenkte jeg å dele den nå.

Det er en fortelling om likheten mellom deg og en blyant. Fem ting sammenlignes, fem ting blyantmakeren forteller blyanten før den sendes ut i verden, og fem ting Gud forteller deg.

**Det første:** Blyanten kan utføre storslagne og nyttige ting, så lenge noen holder den i hånden sin. F.eks. har verdenskjente malerier og historier blitt laget med en blyant eller lignende. I tillegg velger jeg å tro at jeg og alle mennesker kan utføre storslagne ting, så lenge vi lar Gud holde oss i hånden og vise oss veien.

**Det andre:** Blyanten må spisses, som sannsynligvis gjør vondt. Men den trenger å gjennomgå vonde perioder for å bli en bedre og sterkere blyant. Mennesker



## Ingen andre er lik deg

gjennomgår også vonde og tøffe perioder i livet, men vi trenger å møte på utfordringer for å kunne bli sterkere og vokse.

**Det tredje:** Blyanten kommer til å gjøre utallige feil. Men hvis man er villig til «å gå tilbake», kan man fint rette opp i feilen ved å viske det ut og starte på nytt med blanke ark. Vi mennesker

kommer også til å begå utallige feil, som vi kan rette opp i. Ser du at du gjorde en feil, innrømmer det og er villig til «å gå tilbake» og rette opp i feilen, er det veldig godt å vite at vi har en Gud som elsker oss og tilgir oss uansett hva.

**Det fjerde:** Det viktigste med blyanten vil alltid være det den har på innsiden. Blyanten kommer til å møte andre blyanter og penner, i forskjellige former og farger, og de har alle sin verdi innvendig. Det aller viktigste hos oss mennesker



## ANDAKT



Av kyrkjelydspedagog  
Elisabeth Husøy

er også det vi har på innsiden. Vår verdi er innvendig. Det gjelder både deg og alle du møter i løpet av livet. Det handler om personligheten og vennligheten din og kjærligheten du viser ovenfor alle menneskene i livet ditt.

## Gud elsker oss og tilgir uansett

**Det femte:** Uansett hvor blyanten havner og uansett overflate den møter, slutter den aldri å skrive eller sette avtrykk. Den gjør det den er skapt til å gjøre, det er det som er dens oppgave. Slik er det med deg også. Uansett hvor du er, setter du igjen ett avtrykk. Du utgjør en forskjell alle steder du er, enten du vet det eller ikke. Det er også på en måte din oppgave her i verden, gjøre en liten eller stor forskjell på steder du er. Fordi det er ingen som kan legge igjen inntrykk og avtrykk hos andre, på akkurat samme måte som deg. Vi er alle og enhver spesielle og unike. Ingen andre er lik deg!

## Sluttar som kyrkjeverje

1. oktober sluttar kyrkjeverje Trond Berthelsen Augunset (bilete) etter om lag 1 ½ år i stillinga. Han byrjar då som HR-sjef i Ål kommune.

– Den ledige jobben vart for freistande for meg, seier Augunset.

Han har lært mykje som kyrkjeverje i Ål, blant anna at samarbeidet mellom kommune og kyrkje er svært viktig. Augunset rosar stab og fantastiske kollegaer. Dei blir det ikkje lett å forlata. Men han stiller gjerne som frivillig; han føler seg heime i kyrkja i Ål, seier han.



## Prostiprest-vikaren

Ole-Jonny Kleveland Lomme (28) er tilsett som prostiprest i eit årsvikariat medan Ingrid Finsådal Bakke har permisjon. Han skal særleg arbeida i Ål og Hol. Lomme, som kjem frå Larvik, vart ordinert til presteteneste i Geilo kulturkyrkje 25. juni i år.

Lomme hadde såkalla stiftspraksis på Geilo, likte seg godt i både stab og kyrkjelyd, har møtt så fine folk i Hallingdal og følt seg så veldig velkomen, at det var godt å kunne gå inn i presteteneste i prostiet, seier han.



# Liv og røre og lappar

Også i år vart det BUK (Barnas Uke i Kyrkja), denne gongen to dagar, 21.–22. juni. Elevar i alderen 1.–4. klasse fekk tilbodet; om lag 60 deltok.



Tare-André får opplæring i å kløyve ved.  
Foto: Berit Svarteberg Haugo



Alle vil ha lappar! I fleire år har systrene Hovda stilt opp som frivillig i kyrkja: på BUK, i konfirmandundervisning, på formiddagstreff, som diakonikontakter. Men ingen ting slår lappane deira! Foto: Hilde Kirkebøen

Eine dagen kunne borna velja mellom fiske, kunst og sykling. Andre dagen var det museumsdag. Å kløyve ved var spennande og tøft! Og koselegast? Det er ikkje tvil om du spør deltakarane, å eta dei populære lappane til systrene Torild og Anne Hovda!

Kyrkja skipar elles til ein BUK-dag til hausten, fredag 17. november, på skulens planleggingsdag

## – Takk, Audun!

*Han fekk eit skinn av spelsau som gåve og takk frå soknerådet, Audun Flaen, då han 25. juni takka av som kantor i Ål. Han har vore organist i kyrkjene våre i 32 år. No er Audun pensjonist.*

Det vart ei fin og verdig avskilsgudsteneste for Audun denne sundagen, med kyrkjekaffi og helsingar etterpå. Folkemusikk-gudstenesta – i ord og tonar – løfta heile kyrkjelyden. Audun sjølv sat ved orgelet. Jo Asgeir Lie trakterte trekkpelet, og Eilif Gundersen spelte både bukkehorn, lur og seljefløyte. Som ein honnør til Audun overraska B-karadn dirigenten sin med vakker song og takk i gudstenesta. Og soknepresten sjølv, Geir Wiknes, inspirerte oss alle nok ein gong.

### Viktige folkemusikk-gudstenester

Under kyrkjekaffien helsa mange Audun, denne smålåtne og svært dyktige organisten som har fylgd oss i glede og sorg, har spelt til dåp og konfirmasjon, i gravferder og vigslar. Han har gledd oss med sitt spel under meir vanlege gudstenester som i dei

nyskapande folkemusikk-gudstenestene som han har vore med på å utvikla.

Leiar i soknerådet, Einar Brattegard, takka Audun for alt han hadde gjort for kyrkja og overrekte han gåva, saueskinnet, til bruk i heimleg gapahuk. Her ville det nok også bli plass til kona Kristin. Einar, veteranen i soknerådet, kunne fortelja at han hadde vore med på å tilsetja Audun som organist på 80-talet!

### Til glede og trøyst

Ordførar Solveig Vestenfor takka frå kommunen og peika på at dei fleste er innom kyrkja iblant.

– Du har vore der, Audun, når kyrkja betyr noko for folk. Med musikken din har du gitt oss glede og trøyst, sa ho. Vestenfor viste til dei viktige folkemusikk-gudstenestene som har gjort kyrkjedøra høgare og porten vidare.

Fleire takka Audun, blant andre tidlegare sokneprest og prost Vigdis Moen Storhaug som framheva deira mangeårige, gode samarbeid.

Kantor Audun Flaen med saueskinnet, ei avskilsgåve frå Leveld, Torpo og Ål sokneråd. Einar Brattegard, soknerådsleiar, takka Audun for alt han har gjort for kyrkja.

Det mest rørende innslaget under kyrkjekaffien var nok Jacob, vesle barnebarnet, som ville helsa bestefar, før hovudpersonen sjølv takka både familie og stab og alle han hadde samarbeidd med gjennom desse åra.

Audun avslutta sitt yrkesaktive liv med å spela det mektige Toccata av Eugene Gigout på orgelet.



# Tur med tru

*Hallingdal har ei stolt misjonshistorie. Visste du at 52 misjonærarar har kome frå Hallingdal etter at den fyrste, Ole Nestegard d.e. frå Hovet, gjekk i land i Shanghai i Kina i 1888? Alle seks hallingkommunane har hatt misjonærar ute i verda. Ål skil seg ut med heile 18, av dei er 6 – 7 berre frå Leveld!*

Det er Normisjon som har gravd i denne historia. Normisjon er oppdelt i 13 regionar her i landet, og det var den eine, Normisjon VEBU, som arrangerte «Go for it» i juni, også kalla «Tur med tru», saman med lokale Normisjonsforeningar. Dette var ein gåtur over ti dagar, frå Drammen til Hemsedal, og med ein avstikker til Hovet og Hol.

## I fotspora til Ole Nestegard d.e.

Misjonsmarsjen gjekk i fotspora til Ole Nestegard d.e. som i 1883 gjekk frå Hemsedal der han var lærar, og til Drammen og Bragernes kyrkje for å høyra India-misjonæren Lars O. Skrefsrud tala. Fem år seinare reiste Nestegard sjølv ut som misjonær.

Og sanneleg har det grodd i fotefara etter Nestegard, noko Normisjon ville visa.

Deltakarane i turmarsjen gjekk eit par mil om dagen. Nokon kom på undervegs, andre hoppa av. Der deltakarane kom, kunne dei – og andre interesserte – få med seg spennande arrangement.

## Guri Odden og orgelet

Her på Ål til dømes opna ei misjonsutstilling på Evjens Minne, som viser at misjonærar frå Hallingdal har reist ut til 31 land. Kina, Madagaskar og Japan har teke mot flest.

Ei av dei som reiste ut som misjonær til Kina i 1910, var fargerike Guri Odden (1890 – 1988) frå Torpo. Her var ho i 40 år, og deretter 10 år i Japan. Ho har skrive ei interessant bok om dette, «50 år i Orienten». På misjonsutstillinga er orgelet som Guri Odden hadde med seg alle åra på misjonsmarken. Og jammen tok denne språkmektige dama orgelet med seg heimatt etter endt teneste!

## Audmjuk gigant

Odd Hoftun (1927 – 2023) er ein annan

pionermisjonær frå Ål som ofte blir nemnt saman med Ingeborg Skjervheim. Forfattaren Peter Svalheim har skrive boka «Kraftverket. Odd Hoftun: Portrett av et livsverk» og heldt foredrag om ingeniøren og misjonæren i Ål kulturhus. Hoftun var ei kraft i norsk bistandsarbeid i Nepal. Han vart ei levande legende for sitt særeigne, tekniske misjonsarbeid og sitt store engasjement for å utvikla landets eigne ressursar, spesielt vasskraft. I fylgje Erik Solheim, tidlegare miljø- og utviklingsminister, skaffa Hoftun straum og vatn til fleire hundre tusen fattige og hjelpte til med å løfta landet opp og inn i framtida.

- Han var ein audmjuk gigant, sa Svalheim, biografen, i foredraget.- Det var Hoftuns arbeidsmetode å vera audmjuk.



Forfattaren Peter Svalheim har skrive boka «Kraftverket. Odd Hoftun: Portrett av et livsverk». Mange ville sikra seg boka etter foredraget.



For misjonsvenner har strikking nærast vore eit must, slik også under «Go for it». Her ei strikkande Astrid Ruud og Liv Bringaker. Om lag 40 ålingar deltok i misjonsmarsjen. Foto: Berit Kilde



Frå misjonsutstillinga på Evjens Minne. Her blir alle 52 misjonærene frå Hallingdal gjort stas på.

Foto: Berit Kilde

## Formiddagstreff

Ål kyrkjestugu  
onsdagar klokka 11 - 13

### 4. oktober

Tema v/Tore Bøygard  
Andakt: Arne Lie

### 1. november

Tema ikkje bestemt  
Andakt: Vigdis Moen Storhaug

### 6. desember

Tema ikkje bestemt  
Andakt: Hilde Kirkebøen

For nærare informasjon: Sjå nettsida vår og fylg med i Hallingdølen.

Nordbygdene, Vats bedehus  
onsdagar klokka 12 - 14

### 27. september

Tema v/ Magne Haugen  
Andakt: Sven Giljebrekke

### 25. oktober: Haustfest

Tema v/ Hilde Mari Kolbjørnsgard  
Andakt: Toril Sønsteby  
Musikk: Hilde Kirkebøen

### 29. november

Tema v/ Anne Tunestveit  
Andakt: Elisabeth Husøy,  
kyrkjelydspedagog i Ål



Foto: Bo Mathisen

## Babysong

**21. august** klokka 11 - 13 startar baby-songen opp att, og deretter samling om lag annankvar måndag. Oversikt over alle datoene finn du på oppslagstavla utanfor kyrkjegarden. Meir informasjon også på hjemmesida vår.

## Etter skuletid

Startar opp **måndag 4. september** og blir deretter kvar veke (bortsett frå veke 40) klokka 14 - 15.30 i kyrkjestugu.

## Lys Vaken

Første helga i advent, **2.-3. desember**, blir 6. klasselevane inviterte til å overnatte i Ål kyrkje.  
- Me samlast på laurdagen og har det gøy saman med leik, aktivitetar og mat. Og så blir det overnatting i kyrkja til sundag. Då skal borna vera ein del av gudstenesta, seier Elisabeth, kyrkjelyds-pedagogen vår.

## Konfirmant i 1973 og 2023

Bileta av årets konfirmantar og 50-årskonfirmantane trykkjer me i neste nummer av kyrkjebladet.

**Familievernkontoret:**  
32 12 33 44

**Kirkens SOS: 22 40 00 40**  
(landsnr.)

# Speidargruppa på Ål veks

*Onsdagen før 17.mai møter eg på ein flokk oppglødde og forventingsfulle speidarar utanfor Borgstugu. Dei har nettopp øvd på flaggheising ved Kulturhuset, og no er det tid for nye merke på skjorta, og somme skal takast opp som speidarar.*

Det kryr av både små og stor speidarar, og nokre av leiarane var sjølve speidarar for nokre tiår sidan. Men den øvste og lengstverande speidarleiareren er Ingeborg Frydenlund, og ho leier heile gruppa med ei stødig og trygg hand! Både merkeutdeling og speideropptak går på skinner.

### Er som ein familie

«Speidargruppa Ål KFUM/KFUK har vakse seg stor, og særleg er det mange nye 1. og 2.klassingar. Det har vorte med fleire nye speidarleiarar og mange aktive og flinke foreldre bidreg og. Dette gjer at miljøet er triveleg for både små og store.

I speidaren utforskar og leikar me mykje. Det er veldig kjekt at dei små får vera med dei eldste. Dei lærer om og av kvarandre, og dei får øvd seg på å utforske natur og friluftsliv i lag. På den måten utviklar speidarane ei tilhøyrslø og tryggleik til kvarandre.

I møte med andre speidargrupper på leir blir me som ein familie som bryr oss om, og tek ansvar for kvarandre», fortel Ingeborg.



Så moro å brenna bål i speidarlavoen!

Foto: Ingeborg Frydenlund



Tre glade speidarar, Otilie Schjølrien Haugestøl, Sanna Søndrol (i midten) og Katrina Grimås-Brurarøy, saman med speidarleiar Ingeborg Frydenlund.

### Mange aktivitetar

Speidarane møter annankvar onsdag ved Borgstugu frå august til 17. mai. Den dagen tek dei del i flaggheising tidleg om morgonen. Elles har dei lagt opp til vinterleir på Fjellkyrkja der presten er med. Samtidig er det speidaropptak. Dette er ei viktig markering der dei blir speidarar og lovar i tru på Guds hjelp å tene Gud, hjelpe kvarandre og leva etter speidarlova. Så er det fest med mat og prat med familiane etterpå.

Annankvart år er det landsleir eller kretsleir, ålingsspeidarane har brukt å delta på desse fine og lærerike leirane der dei møter speidarar frå andre stader i landet. I år var det og helgetur til Krækja for 5.trinn. God stemning og dårleg ver gjorde dette til ein minnerik tur.

Ingeborg synest det er ei gåve å få vera med ungane og ungdomane.

– Å sjå omsorga dei har for kvarandre, og korleis dei veks og tek ansvar for kvarandre. Gruppa er verdt alle nettene på tynt liggeunderlag! seier ho.

### Bli med, du også

Speidararbeidet i Ål har lange tradisjonar, i Nordbygdene var truleg gutespeidarane allereie i gang tidleg på 1930-talet, og jentene kom i gang nokre år etter. Men under krigen var det forbode å gå med uniform, so då var det ikkje speidargrupper.

Viss nokon har lyst til å bli med i speidaren i haust, er det berre å ta kontakt med Ingeborg. Dei har plass til fleire!

Av Liv Margit Sørbøen (tekst og foto)

# VI GÅR I KYRKJA

## SEPTEMBER

**03.09.2023**

Torpo kyrkje 11:00  
Konfirmantpresentasjon/  
skulestart

Ål kyrkje 19:00  
Konfirmantpresentasjon

**10.09.2023**

Leveld kyrkje 11:00  
Konfirmant-presentasjon

**17.09.2023**

Ål kyrkje 11:00

**24.09.2023**

Torpo kyrkje 11:00  
Ål kyrkje 19:00  
Gudsteneste – Heilt enkelt!

## OKTOBER

**01.10.2023**

Ål kyrkje 11:00

**08.10.2023**

Vats fjellkyrkje 11:00  
Ål kyrkje 19:00

**15.10.2023**

Leveld kyrkje 11:00  
Ål kyrkje 18:00  
Regnbogemesse

**22.10.2023**

Ål kyrkje 11:00

**29.10.2023**

Torpo kyrkje 11:00  
Ål kyrkje 19:00  
Gudsteneste - Heilt enkelt!

## NOVEMBER

**05.11.2023**

Leveld kyrkje 11:00  
Helgemessesundag

Torpo kyrkje 11:00

Ål kyrkje 17:00

**12.11.2023**

Torpo kyrkje 11:00

**19.11.2023**

Ål kyrkje 11:00

**26.11.2023**

Leveld kyrkje 11:00  
Ål kyrkje 19:00  
Gudsteneste - Heilt enkelt!

## DESEMBER

**01.12.2023**

Torpo kyrkje 18:00  
Lysmesse

**03.12.2023**

Ål kyrkje 11:00  
Lys Vaken

**10.12.2023**

Leveld kyrkje 11:00

## DØYPTE

**Torpo**

16.07.2023 Milian Øvstrud Myrestøl

**Leveld**

23.07.2023 Tiril Ødegård

**Ål**

21.05.2023 Emma Flage Arnegard

27.05.2023 Mathias Hagebø

27.05.2023 Vemund Ystad Aasen

28.05.2023 Guri Grue Hvitsand

28.05.2023 Syver Kvelperud

**Ål bygdamuseum**

04.06.2023 Oliver Catone Solerød

## VIGDE

**Ål**

27.05.2023 Iver Rotneim Gjestemoen og

Ann Elisabeth Larsen

27.05.2023 Audun Flaget Aasen og

Kaia Otteraaen Ystad

27.05.2023 Svein-Erik Koester og

Tina Andersen Sundrehagen

27.05.2023 Bjørn Uhlen og

Siw Ellen Pedersen

27.05.2023 Øystein Etterlid og

Stine Øynebråten Brenno

31.05.2023 Håvard Breie og Gro Rønsgård

10.06.2023 Even Meisterplass og

Katinka Elise Christensen

## DØDE

**Ål**

08.06.2023 Jon Nikolai Tveithaugen f.:1930

10.06.2023 Helge Brynhildsen f.:1944

15.06.2023 Esteban Josè f.:2005

Haugset-Escobar

**Torpo**

11.07.2023 Martin Storedal f.:1968

## B-karad'n 25 år

Jubileumskonsert på Sundrehall  
11. og 12. november, kl. 17.00. Konserten  
inneheld det beste og mest morose  
B-karad'n har presentert. Og i pausa får du  
kaffi og kaku i god B-karad'n-stil.

## Open kyrkje

Ål kyrkje er open i kontortida.

Neste nummer av kyrkjebladet  
kjem ut 4. desember.

## Sportsandakter

I haust er tre sportsandakter planlagde i  
Vats fjellkyrkje: **17. september,**  
**24. september og 15. oktober. 8. oktober,**  
blir det vanleg gudsteneste i fjellkyrkja,  
alle gongene klokka 11. Velkommen!

## Høyr biskopen

Biskop Jan Otto Myrseth (bilete)  
og Tunsberg bispedømmeråd deltek i  
folkemusikk-messa i **Ål kyrkje søndag**  
**8. oktober klokka 19**, saman med prost  
Sveinung Hansen og sokneprest  
Geir Wiknes. Sokneråda i Hallingdal er  
inviterte. Også du er hjarteleg velkomen!



## Haustur 2023

**Onsdag 6. september** blir det **hausttur til Hermon**  
**Høyfjellssenter**, men først kører me innom VINN  
Hallingdal, avdeling Hol, og Hol Ysteri som ligg «vegg  
i vegg». Avreise frå Sundrehall kl. 10.30. Bussturen  
tek om lag ein time kvar veg.

Påmelding til Ål kyrjekontor 32 08 61 61  
innan 1. september. Eigendel for mat og busstur  
kr. 400. Betal inn på kontonummer 2320 15 30482  
eller kontant på bussen.

Arr: Diakoninemndene i Ål, Torpo og Nordbygdene

## Hauftfest

Ål diakoninemnd inviterer til **hauftfest**  
i **Ål kyrkjestugu torsdag 12. oktober kl. 17.00**

- Minikonsert v/ «Gladsanguttene» frå Geilo
- Opplesning v/Aud Jepsen
- Helsing v/prost Sveinung Hansen
- Vi serverer kaffe, kvikaku med mjølkeprim og marsipankake.
- Treng du skyss, ring Ål kyrjekontor: 32 08 61 61





VENSTRE: Tiaringen Vemund Flaget Aasen har nettopp blitt døypt og får dåpslyset av prost Sveinung Hansen, og foreldra Kaia Ystad Aasen og Audun Flaget Aasen har blitt vigd til mann og kone.

OVER: Sokneprest Geir Wiknes vier Stine Øynebråten Etterlid og Øystein Etterlid. Den tre-årige sonen Sverre fylger spent med.

Begge foto: Trond B. Augunet

## Drop-in-glede!

To born vart døypte og fem par vigde i Ål kyrkje laurdag 27. mai. Dette er fasiten etter den såkalla drop-in-dagen som vart gjennomført for fyrste gong i Hallingdal. For eit vellukka tiltak! Så mange glade menneske!

Drop-in-dåp? Drop-in vigsel? Javisst. Det handlar om å senka skuldrane, gjera desse høgtidlege handlingane litt enklare for folk, men samstundes verdig og god. Sokneprest og prost byttest på ved alteret. Kyrkjemusikarane var på plass: trekkspel og orgel. Og etter seremoniane venta sprudlevatn og kaffi og marsipankake i kyrkjestugu. Alle fekk si tilmålte tid.

### Sonen døypt, foreldra vigde

– Så fin ein dag. Seremoni og ramma rundt var laga så fint til av kyrkja, seier ein glad Audun Flaget Aasen. Fyrst døypte prost Sveinung Hansen sonen Vemund på

ti år som hadde ynskt det slik. Deretter vart Audun vigd til si Kaia Ystad Aasen. I fleire år hadde dei snakka om å gifta seg. Og endeleg: Med opplegget til kyrkja vart alt enklare.

Eit av dei andre para som sa ja til kvarandre denne laurdagen, var Stine Øynebråten Etterlid og Øystein Etterlid.

– Eg visste ingen ting før ein time før, ler Stine.

– Men dette vart kjempeløyt. Så enkelt og nært, lite og intimt. For ein fantastisk prest Geir er, seier ho.

## Kyrkjevalet 2023

- Er samtidig med kommune- og fylkestingsvalet i Ål kulturhus, Leveld-tun og Torpo Grendahus.
- Representantar til sokneråd og bispedømmeråd skal veljast. Dei valde til bispedømmerådet, stiller også på Kyrkjemøtet.
- Kven stiller til val? Sjå sist kyrkjeblad eller nettsida til Ål kyrkjelege fellesråd. Vallistene til Tunsberg bispedømmeråd finn du på kirken.no.

- Alle medlemmer over 15 år kan stemme i kyrkjevalet.
- Du kan endra røystesetelen til soknerådsvalet ved gje inntil tre kandidatar ei personstemme ved å setja merke ved namnet til kandidaten.
- Ved val til bispedømmerådet kan du gje stemma di til inntil tre kandidatar frå andre lister.
- Du kan førehandsrøyste etter gudstenesta i Leveld kyrkje 27. august og i Ål og Torpo kyrkjer 3. september. Eller på kyrkjekontoret.

Foto: Simen Prestaaasen

### Glad sokneprest

Og soknepresten sjølv, Geir Wiknes, er glad og godt nøgd. – Det blir fleire høve til både dåp og/eller bryllaup utan større førebuingar, lovar han.

– Me ser på fleire ulike alternativ det komande året, og gler oss over at det var så god respons denne gongen! At kyrkja ordnar både rammene, seremonien og selskapet var ei ordning som fungerte betre enn forventta både for familiane som kom og me som inviterte.

### Er dette noko for dykk?

**Kontakt kyrkjekontoret eller sokneprest Geir Wiknes direkte.**

## Ekstremveret Hans og kyrkja

Ekstremveret Hans har herja, også i bygdene våre. Heldigvis har ikkje liv gått tapt, men det har vore store skadar på hus og eigeidom. Det er ikkje skadar på kyrkjene eller kyrkjegardane våre.

Kyrkja i Ål har vore open kvar dag under ekstremveret. Mange har vore innom, tent lys, hatt ei stille stund. Og søndag 13. august var her kveldsgudsteneste, for heile prostiet. «Sorg, sinne, uro, håp» stod som overskrift på denne gudstenesta som kyrkjelege tilsette, frivillige og ulike etatar hadde samarbeidd om.